

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet tek saka til vitande.»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 8, innstillinga sine punkt forskyver seg:

Fylkestinget føreset at fylkeskommunen nyttar norske råvarer så langt som mogleg.»

Avrøyting

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, FNB) og fall.

Innstillinga punkt 1-5 og 7-8 vart vedteke mot 4 røyster (Frp og FNB).

Innstillinga punkt 6 og 9 vart vedteke mot 7 røyster (Frp, H og FNB).

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (Frp og FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vil tilby elevar og tilsette eit ernæringsmessig godt og variert kantinetilbod. Fylkestinget oppfordrar derfor kantinene til å avgrense sal av sukkerhaldige varer i kantinene, og erstatte dei med sunne alternativ der det er mogleg.
2. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av sjømat og frukt og grønt ved at samarbeidet med Fiskesprell vert utvida til å omfatte kantinene ved dei vidaregåande skulane og i fylkesadministrasjonen.
3. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av økologisk, kortreist og berekraftig mat gjennom samarbeidet med Matvalet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med status for arbeidet og forslag til eventuell utviding av prosjektet i 2022.»
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gje årleg status for målet om 15 % økologisk mat i kantinene ved skulane og i fylkesadministrasjonen. Tilboden om vegetariske måltid bør over tid trappast opp.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med bedriftshelsetenesta leggje til rette for auka kunnskap om eit sunt og ernæringsmessig godt kosthald blant alle tilsette.
6. Fylkestinget går inn for at det alltid skal vere fullverdige vegetariske og veganske matalternativ i kantinene til fylkeskommunen si verksemد.
7. Fylkestinget forutset at arbeidet med å redusere matsvinn i fylkeskommunal verksemد held fram og har høg priorititet.
8. Fylkestinget føreset at fylkeskommunen nyttar norske råvarer så langt som mogleg.
9. Vestland fylke er landskap som er prega av matproduksjon. Kortreiste råvarer som bidreg til å halda landskapet i hevd og auka etterspurnaden bør prioriterast i ulike menyar ved kanitinene i fylkeskommunen.
10. Fylkestinget ønsker at det blir samarbeida med dei private kantinane for at desse vedtaka også skal gjennomførast der. Fylkestinget legg til grunn at desse krava skal gjelde ved framtidige avtalar med private kantinedriftarar.